

Grunneigarar i Ommedal
6829 Hyen

18.03.2016

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

OMMEDAL KRAFTVERK – UTTALE TIL KONSESJONSSØKNAD OG KONSEKVENSUTGREIINGAR

Vi viser til konsesjonssøknad frå SFE Produksjon AS (SFE) gjeldande Ommedal Kraftverk og har fylgjande merknader til denne.

1. SFE hevdar å vere fallrettseigar i prosjektorrådet. Vårt syn er at dette ikkje stemmer. Tverrelva var ikkje ein del av fallrettsoppkjøpet på slutten av 50-talet.
2. I punkt 1.2 – Grunngjeving for tiltaket vert det hevda at tiltaket mellom anna vil gje inntekter til grunneigarar. Grunneigarane i Ommedal har ikkje fått lovnad om inntekter frå tiltaket, så vi ser fram til å drøfte dette før eventuell realisering.
3. SFE har ikkje erverva rett til verken bruk av den private støylsvegen vår eller å opparbeide ny veg mellom inntaka. Det er heller ikkje inngått nokon avtale om tomt til plassering av kraftstasjon, til tross for at det kan sjå slik ut då dei har fått løyve til riggområde av ein av grunneigarane. Både kraftstasjon, inntak og tilkomstveg er skissert plassert i felleseige.
4. Eit par stader i konsesjonssøknaden blir det omtala eit «nedlagt klekkeri». Klekkeriet er ikkje nedlagt, men det har ikkje vore i produksjon dei siste åra. Det er svært viktig at ei eventuell utbygging av elva ikkje øydelegg vasstilførsla til klekkeriet.
5. Kulturminne. Søknaden omtaler den gamle støylsvegen og steinbrua over Vesleelva rett nedanfor planlagt inntak, men omtaler dette som av liten verdi. Vi er ikkje samd i den verdivurderinga og vil peike på at elva er eit viktig element/naturinntrykk når ein går gamle støylsvegen. Det er svært viktig for oss at dette vert tatt hensyn til når minstevassføring skal fastsetjast. Vidare er det gamle tufter/murar etter dei gamle kvernhusa i området der stasjonen er planlagt. Det er viktig for oss at dette ikkje vert øydelagt.
6. Vi er skeptiske til kvaliteten på konsekvensutgreiinga laga av Sweco:
 - a. GPS-sporinga viser at berre deler av det påverka området er undersøkt.
 - b. Synfaringa fann stad 07. juni 2014. Artsdatabasen har offentleggjort «Norsk rødliste for arter 2015», og etter vårt skjønn bør denne vere retningsgjevande når konsekvensar for biologisk mangfold skal vurderast.
 - c. Erfaringa frå konsekvensutgreiinga til Gjengedal kraftverk viste at Sweco har/hadde eit noko lettintfelt arbeid og truleg konkluderte utan fullstendig oversikt over artsmangfaldet i bekkekløfta. Jmf. både Høitomtrapporten og Naturvernforbundet si kartlegging av Gjengedalsgjølet. Då konsekvensutgreiing for Ommedal kraftverk er utarbeida før det vart sett søkelys på kvaliteten til arbeid utført av Sweco, er det

grunn til å stille spørsmål om dette arbeidet også er like overflatisk og at konklusjonane er fatta på bakgrunn av manglende kunnskap.

7. Med bakgrunn i skepsisen vi har skissert i punktet over, meiner vi at det må utarbeidast ei ny konsekvensutgreiing for eventuell konsesjon vert gitt.
8. I søknaden vert det vist til at det ikkje er nok nettkapasitet til Ommedal kraftverk og vi forstår det slik at prosjektet er avhengig av at omsøkt 132KV-linje til Storebru blir bygd for at kraftverket kan realisera. Vi har tidlegare levert høyringssvar til konsesjonssøknad på 132KV-linja der vi konkluderte med at det ikkje kunne gjevast konsesjon slik den var omsøkt. Som fylgje av dette kan vi heller ikkje akseptere at det vil bli gitt konsesjon til Ommedal kraftverk.

Konklusjon:

Vi bed om at det ikkje blir gitt konsesjon til Ommedal kraftverk slik det er omsøkt utan at eideomstilhøva er avklara og at konsekvensane blir vurdert på nytt.

Beste helsing

Tove Hanne Ommedal

Ola Henning Ommedal

Solfrid Utheim Rygg

Odd Arild Aasen

Anne Grete Ommedal

Jakob Os